

Kyrkjebladet

for Bremanger jula 2024 nr.2
Årg. 100

Godt nyttår!



Frå bispevisitasen i Davik kyrkje 24.oktober 2024.
Biskop Ragnhild Jepsen og Davik musikklag og Smalsarhorn.



Håp!



Kjære kyrkjelydar, eg vil takke dykk for året som vi har lagt bak oss. Vi har så mykje godt i kyrkja i Bjørgvin av medarbeidarar, kyrkjelydar og gode lokalsamfunn der det kyrkjelege arbeidet står sterkt. De er verdifulle i det arbeidet de står i. Eg har gleda meg stort dette året over å ha blitt enda meir kjend i bispedømet, folk og historie. Det har vore gode møtepunkt på Stiftsdagane, ved prostibesøk, ved kyrkjejubileum og i visitasane. Takk for tillit og medarbeidarskap!

Jubilea vi gjennom året har feira for Kristenretten og Landslova har gjeve rom for samtalar og refleksjon om betydninga av trua på Jesus i fellesskap og samfunn. Det er ein rik arv vi har mellom oss, og vi skal føre den vidare med frimod og glede. For vi har noko uvurderleg mellom oss. Vi skal bringe von til ei verd som treng lys og framtidstru, og vi kan gjere det fordi vi har ein løfterik bodskap å forkynne.

Juleevangeliet viser oss at i kulde og mørke kan håpet springe fram: Håp for jorda vår. At vi må sjå kva jorda treng av handling frå oss for at ho skal overleve, og vi skal kunne gje henne over til komande generasjonar.

Håp om at urett kan gjerast opp og rettferdig fordeling av mat, av ressursar, av landområde kan skje.

Håp om at vi kan leve godt saman i familien vår, i nærområdet vårt, i vårt nye fleirkulturelle samfunn. I vår globaliserte verd.

Og vi treng håp om at murer kan byggjast ned og fjernast. Både dei som er inne i oss og dei som er fysiske mellom menneske.

Menneske treng håp. Og i dei fyrste juledagane fekk verda sjå at håpet tvang seg fram i mørke og kulde. Det som tilsynelatande var svakt og puslete, det vart den krafta som etter to tusen år framleis kan kjennast. Som vi framleis kan tru på, - Guds kjærleik til oss gjennom Jesus Kristus.

Takk for at de er med og bringer håp til menneska i Bjørgvin!

Biskop Ragnhild Jepsen biskopens jule og nyttårshelsing desember 2024



Biskop Ragnhild Jepsen. Foto: Bjørgvin Bispedømme.

TAKK FOR DET GAMLE, MED ØNSKE OM EIT GODT NYTT ÅR

Året 2024 er tilbaketrukket, det er tid for å sjå tilbake på året som er omme, og ikkje minst sjå framover.

Ute i den store verda har vi framleis eit svært uroleg verdsbilette prega av konflikhtar, og krig i mange delar av verda. Ei krigføring som fører til menneskelege tragediar, svolt og redsel blant born og vaksne. Ei verd utan konflikhtar er vel vanskeleg å sjå for seg, men vi må likevel halde på håpet og trua på at mykje av uroa i verda kan tvinge seg fram og løysast på eit vis.

I Noreg og lokalt rundt om i bygdene i kommunen vår har vi det heldigvis både trygt og godt i kvardagen. Vi er heldige som bur ein på ein stad der dei fleste av oss kvar dag kan gå i barnehagen, på skule og arbeid. Er du pensjonist kan du nyte pensjonistlivet og delta på ulike arrang-ement om du ønskjer det.

I Bremanger kommune har vi dette året arbeida godt for å få på plass ein god tilflyttarpakke for å gjere oss til ei meir attraktiv kommune å bu- og leve i. Vi har vedteke gode verkemiddel som gratis barnehage, og fritidskortet for alle under 18 år som deltek på fritidsaktivitetar. Du finn god informasjon om dei ulike tiltaka på heimesida til kommunen.

Bakgrunnen for at vi har sett i verk desse tiltaka er som dei fleste av dykk kjenner til, at vi vert fleire eldre og færre yngre. Så vi treng rekruttere unge familiar for å kunne oppretthalde dei gode velferdstenestene våre.

Den 24.oktober i samband med bispevisitasen hadde kommuneadministrasjonen gleda av å møte biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen saman med fleire frå kyrkja. Vi hadde eit godt møte og konkluderte med at utfordringane i drift av kyrkja i dei ulike sokna er nokså like og samanfallande med kommunen, då vi har små bygdesamfunn med lite folk i ei stor kommune. Vi var alle samde om at dersom vi arbeidar betre saman, er gode ambassadørar og framsnakkar samfunnet vi lever i, så vil dette vere ein styrke for oss alle.



I ei nyttårshelsing burde eg sjølv sagt vore innom fleire ulike tema som til dømes klimautfordringane, psykiske helse og einsemd som mange kjenner på. Så oppmodinga mi for dette året er:

Dersom kvar og ein av oss gjer grep for klima og bidreg til eit betre samfunn å bu- og leve i vert det til saman så mykje betre. Snakk vel med og om naboen din og bidra der du kan.

Eg vil avslutte med eit sitat av Steve Jobs: *The people who are crazy enough to think they can change the world, are the ones who do.*

Ønskjer dokke alle saman eit nytt, og innhaldsrikt 2025.

Med venleg helsing
Anne Kristin Førde
Ordfører



VISITASFOREDRAG PÅ VISITAS I BREMANGER 27. OKTOBER 2024

Kjære kyrkjelydane i Bremanger! I Davik kyrkje heng det ein plakett til høgre for altartavla. Der står det: GUD VELSIGNE DIN INDGANG OG DIN UTGANG FRÅ NU AV OG TIL EVIG TID. Og slik har det vore på denne visitasen. Då me gjekk inn i visitasen tok Stein fram velsigninga på samlinga med staben i Svelgen kapell og i dag vart me sendt ut frå visitasgudstenesta med dei same velsigningsorda. Velsigninga omkransar visitasen, spenner ein boge over det me gjer.

Eg kjenner meg velsigna etter desse dagane saman med dykk. Og eg ser at de òg er velsigna med driftige menneske som har pågangsmot og som ikkje har gitt opp sjølv om folketal går ned både i kommunen og i kyrkja. De er velsigna med sokneråd og bygdefolk som sluttar opp om kyrkja og ynskjer aktivitetar som samlar både unge og eldre. Det er ikkje alltid at me ser Guds velsigning, det er så lett å sjå seg tilbake til tider med meir folk og meir aktivitet. Likevel: Guds velsigning kviler like mykje over kyrkja i Bremanger i dag. Det har eg sett.

Det har vore fine dagar med samtalar med medarbeidarar og med sokneråd. Eg har møtt bygdene gjennom besøk på Elkem, på omsorgssenteret og i møte med kommunen. Eg har møtt bygdefolket i flotte gudstenester med korps i Davik og skulekor i Ålfoten, konfirmantgudstene i Svelgen, omvising i Rugsund og Berle, kulturkveld i Frøya og ein liten kikk på Midtgulen og så visitasgudstenesta i Bremanger i dag. Og eg har møtt tilsette i heile prostiet til inspirasjonssamling om utfordringane i arbeidet. Alle stader har det vore heist flagg til ære for visitasen, så eg kjenne meg verkeleg godt mottatt.



Besøk i Rugsund kyrkje 25.oktober. biskop Ragnhild, Brita Haugland og Sonja Kolset og prost Mari Saltkjel. Bak, sokneprest Stein Oltedal.

Etter ein visitas skal biskopen oppsumera sine inntrykk i dette visitasforedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Mari Saltkjel.

Vi-kjensle. Då me vitja kommunen snakka dei om utfordringa med å skapa ei vi-kjensle i kommunen. No heng kommunen saman på ein heilt annan måte enn i generasjonane før, og skal me laga eit godt liv for alle må me gjera det saman og kjenna at me høyrer saman. Det gjeld og i kyrkja. Tenk «Vi i kyrkja i Bremanger» meir enn berre sokn eller ytre og indre. Når eg kjem utanfrå ser eg at sokna har så mykje å dela, så mange kyrkjehendingar og kulturhendingar som fortener at ein inviterer dei andre. Så eg vil seia: Tenk «Vi i kyrkja i Bremanger» og planlegg saman. Då kan ein få til ein felles hending for kyrkja i Bremanger, til dømes salmekveld eller fellesgudstene kvar halvår.

Gudsteneesteliv. Gudsteneestene er sjølv pulsslaget i kyrkjelyden sitt liv. Det er samlinga om ord og sakrament; det er staden der Guds ord blir forkynt og vi får del i dåpens gåve og nattverdens fellesskap og gjev Gud takk og ære.

No har me sett på tala og ser at det er utfordrande å kome attende til oppmøtet om gudsteneestene slik det var før åra med pandemi. Det var oppmuntrande å høyra på fellesmøtet fredag at sokneråda hadde tenkt omkring dette. I Svelgen har det vore forsøk med ei alternativ gudsteneeste, det er eit godt initiativ. Den må evaluerast og utviklast i samtale med prost. Eg vil utfordra sokneråda til å setja dykk saman og tenka saman om gudsteneestelivet i heile kommunen. Hald fram den gode samtalen om kva de vil med gudsteneestene.

Fleire har sagt til meg at det var flott med ei felles gudsteneeste med korpset i Davik torsdagskvelden. Det var fint å vera så mange og få synga saman, det gav ei kjensle av høgtid. Slike felles gudsteneester kan de få til også når det ikkje er bispevisitas.

Kyrkjemusikalsk verksemd. Musikalsk har denne visitasen vore ei oppleving med Davik musikklag og Smalsarhorn skulemusikk i Davik, eit imponerende skulekor i Ålfoten og barnekor og koret frå Bella, Solla og Per med fleire i Frøya kyrkje. De har gode kyrkjemusikarar som har kor og konsertar både utanfor og i kyrkja. Musikken viser at kyrkja er ein sentral kulturaktør i bygdene. Det lovar godt for framtida.

Trusopplæring. Det er ei utfordring å ha ei god trusopplæring og eit godt arbeid for born og unge i dei mange bygdene, årskulla er små og ikkje alle kyrkjene er like godt egna til alle typar aktivitetar. Kva med å samla årskulla til større felles utdelingsgudsteneester der får oppleva fellesskapen. Det er viktig å tenka saman, tenka «Vi i kyrkja i Bremanger». Set dykk ned saman med representantar for alle sokneråd og laga ein heilskapleg plan og lag eit utval i kommunen for barne og ungdomsarbeid og trusopplæring. Rådgevar på bispedømekontoret kan bidra med hjelp.



Grill ein biskop, møte med konfirmantane i Svelgen kapell 23.oktober.



Visitagudstenesta 27.oktober 2024 i Bremanger kyrkje. Framme frå v.: konfirmantane Astrid Marie Solheim Frøyen, Maja Svarstad Hauge, biskop Ragnhild Jepsen, prost Mari Saltkjel, klokkar Hillbjørg Grotle, sokneprest Dag Leirvik. Bak frå v.: Ordførar Anne Kristin Førde, klokkar Odd Håvardstun, trusoppplærar Britt Mulelid, sokneprest Stein Oltedal, kantor Jarle Grotle og kyrkjjetenar Alice Torvanger.

Det står i visitasmeldinga at trusopp-læringsarbeidet er prega av at det er liten kapasitet i staben. Her må trusoppplærar, sokneprestar og kyrkjevevjerje laga ei god organisering av arbeidet og finna ut korleis ein best brukar dei ressursane ein har. Ein må og sjå på korleis ein kan ta vare på frivillige og om det er mogeleg å utvida stillinga på trusoppplæring.

Skule-kyrkje. Me hadde eit godt møte med kommunalsjef for oppvekst og driftsleiar ved ein skule om korleis ein kan ta vare på det gode samarbeidet, særleg rundt skulegudstenestene. Eg opplevde skulen som imøtekomande og vil oppmoda dykk om å ta initiativ til møte med skulen for å drøfta årshjul, idear og gjennomføring.

Diakoni. Diakonien er kyrkja si omsorgsteneste og det skjer diakoni gjennom fasteaksjon, blomehelsing og institusjonsandaktar. Det er flott at de har felles diakoniplan i Ytre Bremanger, det er eit godt utgangspunkt for

å laga ein felles plan for heile kommunen, for når me løfter saman vert det lettare. Med dei avstandane som er her synes eg det er flott at sokneråda har satsa på kyrkjeskys. Det er god diakoni og gjer det lettare å samla mange til felles aktivitetar.

Misjon. Midt i alle utfordringane i våre eigne sokn er det viktig å sjå utover til den verdsvide kyrkja. Det er fint å høyra at Bremanger sokn har misjonsavtale med Normisjon om Trygg barndom i Senegal, og at Berle og Frøya sokn har avtale med Stefanusalliansen. Sokna i indre støttar landsbyutvikling i Mali gjennom Misjonselskapet.

Kyrkjebygga. Kyrkjeskule i Bremanger er ein skatt. Saman med kyrkjegardane er dei viktige stader for det kollektive minnet og identiteten i bygdene. Men det trengs vedlikehald. Det er bra med den kartlegginga som er gjort, men det trengs pengar frå kommunen til vedlikehald slik at ein ikkje mister desse verdifulle kyrkjebygga som me er så stolte over.

Soknestruktur. Eg ser at det er utfordringar med mange og til dels små sokn. Eg vil utfordra dykk til å ha fellesmøte når de har like saker og når de skal laga felles planar. Innanfor ordningane er det fleire måtar å organisera seg på, de må de vurderer kva som er mest teneleg før neste soknerådssval.

Gudstenesteforordning. Fordelinga av gudstenester må sjåast gjennom på nytt. Arbeidet er starta under leiing av prosten. De må vera med og finna ei god fordeling ut frå dei ressursane ein har, sjølv om me alle ynskjer dei var større.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen for ein god dialog og gode møter med ordførar og kommunalsjefar. Eg vil takka for at de ser kva kyrkja kan bidra med i lokalsamfunnet, sjølv om eg er klar over at det er utfordringar med dei mange bygdene og befolkningsutviklinga. Takk for at de ser vedlikehaldsbehov, men her vil eg utfordra

dykk til å sjå meir, for budsjettet til kyrkja har ikkje halde tritt med kostnadsutviklinga. Så må eg seia at det var inspirerende å høyra korleis kommunen arbeidar med rekruttering, det kan me læra av.

Takk

Til slutt vil eg takka alle som har vore med å gjera dette til ein velsigna visitas med mange gode opplevingar. Eg vil takka prestane, soknerådsleiarane, kyrkjevevjerje og alle dei i staben som har vore med å skrive visitasmeldinga, som inneheld mykje god informasjon. Takk til staben for god tilrettelegging og takk til alle frivillige som har bidratt. Takk også til prost Mari Saltkjel som har vore med å planlegga og gjennomføra visitasen, og som er biskopens utstrekke arm til sokna i Bremanger når biskopen ikkje er her.

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Og om eit halvt år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

Tenk «Vi i kyrkja i Bremanger» meir enn berre sokn eller ytre og indre. Legg til rette for meir samarbeid og fellesmøte mellom sokneråda.

Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Guds ære. Sokneråda vert utfordra til å halda fram samtalen om kva ein vil med gudstenestene og laga nokre fellesgudstenester.

Set dykk ned saman med representantar for alle sokneråd og laga ein heilskapleg plan og lag eit utval i kommunen for barne og ungdomsarbeid og trusoppplæring.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Bremanger velsigna og med mange flotte inntrykk. Eg vil bere dykk alle og desse dagane i hjartet, og ynskjer Guds velsigning over folket og kyrkjene i Berle, Bremanger, Frøya, Davik, Midtgulen, Rugsund og Ålfoten.


Bjørgvin bispestol, 27. oktober 2024

Ragnhild Jepsen



Skulegudsteneste i Ålfoten kyrkje 25.oktober.

GLIMT FRÅ BISPEVISITASEN



Bedriftsbesøk hos Elkem i Svelgen. Frå v. Biskop Ragnhild Jepsen, kyrkjefagsjef Tore Skjæveland, prost Mari Saltkjel.




Lunsj i Ålfoten 25. oktober.



Laurdag 26. oktober var det ettermiddagsbesøk med kaffe i Berle kyrkje.



Støtt kyrkjebladet!
Vipps
696974



Fredag 25. oktober var det kulturkveld i Frøya kyrkje. Med Bella, Solla og Per koret og Kalvåg songlag.

INTERVJU MED EIN AV RINGARANE I ÅLFOTEN KYRKJE

Kyrkja betyr mykje for mange av dei som bur i Ålfoten. Dei som tilhøyrar soknet har kjærleik til «kjerka». Her er tradisjonen med å ringe med kyrkjeklokka, halden i hevd. Lars Reidar Myklebust er ein av ringarane i Ålfoten kyrkje.

Å ringe med kyrkjeklokka, fekk Lars opplæring i, like frå konfirmasjonstida. Kvifor så mange i Ålfoten i dag kan å ringe med kyrkjeklokka, spurde eg Lars om: Det kjem i frå gravferdsskikkane i bygda.

Bygda var oppdelte i 3 grav-lag: Vik, Myklebust og Sigdestad/Førde. Når det vart gravferd, visste alle i gravlaget kva oppgaver som måtte utførast. Kvinnene sydde likklede, nokre av mennene snikra likkiste og andre grov opp grava. Det var ikkje mange som kunne grave på ein gong, difor gjekk dei andre inn i kyrkja og øvde seg på å ringe med kyrkjeklokka. Så bytte ein om på oppgåvene. Denne ordninga fungerte i bygda like fram på 1960-talet.

Lars vaks opp på Elias-bruket på Myklebust i Ålfoten. Elias-namnet har gått att i ætta, ein har slektstavle for garden frå før 1600. Lars har i alle år drive gard med melkeproduksjon, som ein av fleire bønder i bygda, og hjelper framleis til i fellesfjøs som er att. I 1960 var det omlag 36 melkeprodusentar i bygda. I dag er det berre att ein melkeprodusent i Ålfoten; ein fellesfjøs for 3 gardsbruk som driv i lag.

Som 16 åring begynte Lars på entrepenør-arbeid. Som 18 åring køyrde han lastebil på vegarbeidet, det skulle bli veg til Svelgen over Myklebustdalen. Han var også med på å drive tunneller under heile kraftutbygginga i Åskåra. Lars var ei tid medlem i soknerådet, som så mange andre i bygda er, og har vore.

Kona Anne Helene Taklo kom frå Eid, ho var lærar på skulen i Svelgen frå 1975 til ho vart pensjonist. No har dei ein gild flokk

barn, sviger barn og barnebarn. Dei bur ikkje langt herifrå, ofte er langbordet heime fullt til middagsservert. Lars og Anne Helene er gode å ha, når dei unge treng hjelp med barnepass.

I 2009 blei det sjuketransport med fly frå Førde sjukehus til Haukeland. Lars hadde fått hjarteinfarkt, 6 av 7 årer i hjartet var tette.

Seinare har Lars hatt fleire kreftdiagnosar med behandling. Med doktorar, sjukehus og cellegift blir kreften halden under kontroll, men er noko Lars må leve med resten av livet.

Mine år no, er bonus-år, fortel Lars. Når eg spurde han kva han legg i dette, fortel han at han på ein ny måte er takknemleg for dagane og livet.

Stein Oltedal



Lars Reidar Myklebust som ringar i Ålfoten kyrkje.

DÅP PÅ FLEIRE SPRÅK



Vesle Nora Regine (15 mnd.) saman med pappa Sean Ryan og mamma Nidia Arianna.
Tekst og foto: Annbjørg Hauge Nygård.

Pappa Sean Ryan Grotle er fødd i Amerika, men har vore mykje i Bremanger etter at far hans, Jan Sverre, flytta tilbake til Norge og heimbygda. Han kjenner mykje folk her, og snakkar godt norsk. Denne sommaren har Sean Ryan og storfamilien feriert på Grotle, i samband med at vesle Nora Regine skulle døypast 21. juli.

På Grotle vaia fire flagg i vinden, i tillegg til det norske og det amerikanske, kunne vi også sjå det mexikanske og det irske flagget.

Mamma Nidia Arianna Grotle er nemleg frå Mexico, medan farmor kjem frå Irland.

Gudstenesta vart leia av vikarprest Ole Dagfinn Østhus, og organist denne søndagen var Nora Klungresæter, også ho vikar. Deler av dåpen vart gjennomført på engelsk, bønna ved døypefonten var det mamma Nidia som las. Første salmen «Morning has broken» vart også sunge på engelsk.

Vi ynskjer Nora Regine og familien alt godt vidare.



Dåpsdag i Bremanger 4 flagg.

GLIMT FRÅ BISPEVISITASEN I BREMANGER 23.-27.OKTOBER 2024



Kalvåg songlag med dirigent Grete Berntzen på kulturkvelden i Frøya kyrkje 25.oktober.



Soknerådsleiar Eldbjørg Aske Myklebust ønsker biskop Ragnhild og kyrkjefagsjef Tore Skjæveland velkomen til lunsj.



Skulegudstenesta i Ålfoten kyrkje 25.oktober, frå venstre Ola Dombestein og Gaute Myklebust.



Visitasforedraget på Hauge bedehus.



Allehelgen Midtgulen 2024



Støtt
kyrkjebladet!
Vipps 696974

FELLESGUDSTENESTE I RUGSUND KYRKJE SØNDAG 23.MARS KL.11:00



Kammerkoret, her frå visitgudstenesta i Bremanger 27.oktober kjem også.

Velkomen til Rugsund kyrkje
23.mars kl.11:00.

Til fellesgudsteneste for heile Bremanger. Ei gudsteneste med begge prestane og kantorane samt ulike song og musikk innslag. Kyrkjekaffi blir det også.

Støtt
kyrkjebladet!
Vipps
696974



Brunhilde Engelhardt og prestane Dag Leirvik og Stein Oltedal håper folk tek turen til Rugsund kyrkje.

FRØYA SOKN - HAR BARNET ELLER UNGDOMMEN DIN LYST TIL Å REISE PÅ LEIR?

Som ein del av barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, har Frøya sokneråd vedteke å dekke 50% av deltakaravgifta for dei som ønskjer å reise på leir til f.eks. Fjordly og Nesholmen. Ordninga gjeld barn og ungdom som tilhøyrer Frøya sokn.

Leirane på Nesholmen er arrangert av KFUK-KFUM Sogn og Fjordane. Til sommaren vert det lagt opp til to barneleirar. I tillegg vil det vere gamingleir for ungdom som er glad i dataspel, og hausttreff for ungdommar. Nytt frå 2025 er ferieopphald for innvandrarfamilier i siste halvdel av juli.

På Fjordly er det ulike organisasjonar som arrangerer leir. Det kan vere leirar gjennom Soul children, Acta, KRIK, DnK, Hekta osv.

Har barnet eller ungdommen din lyst til å reise på leir?

Påmelding og betaling skjer på vanleg måte, etter rutinene for den enkelte leirstad. Deretter tar du eit bilde/ein kopi av kvitteringa for deltakaravgift og sender til Frøya sokneråd. I tillegg ønskjer vi:

- informasjon om leiren
- namnet på barnet, ungdommen og kven som betalar
- bankkonto-opplysningar som vi kan bruke for utbetaling av refusjon

Er du interessert, følg gjerne med her:

<https://fjordly.no/leirar-og-event>

<https://nesholmen.no/>

TESTAMENTARISKE GÅVER

Frøya sokneråd takker for testamentarisk gåve på 20 000 kr., etter Bjørg Sundsøy. Pengane er øymerka barne og ungdomsarbeid. Dei vil gå til å støtte leirdeltaking. Sjå ovafor.

Bremanger sokneråd takkar for minnegåve etter Rannveig Torvanger på 5050 kr.

MARIT STEINSET SLUTTER SOM KONTORMEDARBEIDAR.



Marit Steinset avbilda i samband med kyrkjevalet hausten2023. Ho pensjonerer seg frå stillinga på kyrkjekontoret på Hauge frå årskiftet 2024-25. Gjengen på kyrkjekontoret; Bjarki, Dag og Jarle og sokneråda i ytre takkar for det gode arbeidet som Marit har gjort.



Johanne Nygård tek til i 25% stillinga som kontormedarbeidar i januar 2025.



VELKOMEN TIL KYRKJE

BERLE KYRKJE

05.01.25	14.00	GUDSTENESTE – VI SYNG JULA UT, KYRKJEKAFFE
16.02.25	14.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE
13.04.25	11.00	GUDSTENESTE PALMESØNDAG
20.04.25	14.00	GUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG
08.06.25	14.00	GUDSTENESTE 1. PINSEDAG

BREMANGER KYRKJE:

05.01.25	11.00	GUDSTENESTE – VI SYNG JULA UT, KYRKJEKAFFE
26.01.25	11.00	GUDSTENESTE, UTDELING BIBEL TIL 5. KLASSE, 12 LESNINGAR FRÅ MARKUSEVANGELIET
16.02.25	11.00	GUDSTENESTE
16.03.25	11.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE
30.03.25	16.00	GUDSTENESTE
17.04.25	18.00	GUDSTENESTE SKJÆRTORS DAG
20.04.25	11.00	GUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG, BARNEKORET DELTEK
04.05.25	11.00	GUDSTENESTE. UTDELING 3- OG 4-ÅRSBOK
17.05.25	12.15	GUDSTENESTE
24.05.25	12.00	KONFIRMASJON
08.06.25	11.00	GUDSTENESTE 1. PINSEDAG
29.06.25	11.00	FRILUFTSGUDSTENESTE GROTLE GAMLE GRAVPLASS

FRØYA KYRKJE:

19.01.25	11.00	GUDSTENESTE
02.02.25	11.00	GUDSTENESTE, UTDELING BIBEL TIL 5. KLASSE
02.03.25	11.00	GUDSTENESTE
16.03.25	16.00	GUDSTENESTE, ÅRSMØTE
30.03.25	11.00	GUDSTENESTE, UTDELING AV 3- OG 4-ÅRSBOK, BARNEKORET DELTEK
18.04.25	11.00	GUDSTENESTE LANGFREDAG
21.04.25	11.00	GUDSTENESTE 2. PÅSKEDAG, KAMMERKORET DELTEK
10.05.25	12.00	KONFIRMASJON
17.05.25	10.00	GUDSTENESTE
09.06.25	11.00	GUDSTENESTE
22.06.25	11.00	GUDSTENESTE

DAVIK KYRKJE:

26.01.25	14.00	GUDSTENESTE, UTDELING BIBEL TIL 5. KLASSE
09.02.25	11.00	GUDSTENESTE
02.03.25	14.00	GUDSTENESTE, ÅRSMØTE
30.03.25	11.00	GUDSTENESTE
20.04.25	11.00	GUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG
04.05.25	11.00	KONFIRMASJON
17.05.25	13.00	GUDSTENESTE
08.06.25	11.00	KONFIRMASJON 1. PINSEDAG

MIDTGULEN KYRKJE:

12.01.25	11.00	GUDSTENESTE OLAF SIGURD GUNDERSEN
23.02.25	11.00	GUDSTENESTE OLAF SIGURD GUNDERSEN
20.04.25	14.00	GUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG
24.05.25	12.00	KONFIRMASJON

RUGSUND KYRKJE

02.02.25	11.00	GUDSTENESTE UTDELING AV BIBEL TIL 5. KLASSE OG 3 ÅRS BIBEL
23.02.25	14.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE OLAF SIGURD GUNDERSEN
23.03.25	11.00	FELLESGUDSTENESTE
18.04.25	11.00	GUDSTENESTE LANGFREDAG
03.05.25	13.00	KONFIRMASJON
09.06.25	12.00	GUDSTENESTE HUNSKÅR 2. PINSEDAG

SVELGEN KAPELL

26.01.25	11.00	GUDSTENESTE
09.02.25	14.00	KARNEVALGUDSTENESTE, UTDELING AV BIBEL TIL 5. KLASSE
02.03.25	11.00	GUDSTENESTE
18.03.25	18.00	KVELDSGUDSTENESTE M/KVELDSMAT
30.03.25	14.00	GUDSTENESTE. ÅRSMØTE
13.04.25	11.00	GUDSTENESTE PALMESØNDAG. UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL, FRUKOST KL. 10.00
10.05.25	11.00	KONFIRMASJON
10.05.25	13.00	KONFIRMASJON
17.05.25	10.30	GUDSTENESTE
08.06.25	14.00	GUDSTENESTE 1. PINSEDAG

ÅLFOTEN KYRKJE:

02.02.25	14.00	GUDSTENESTE, UTDELING AV BIBEL TIL 5. KLASSE
09.03.25	11.00	GUDSTENESTE, UTDELING AV 3-ÅRSBIBEL, ÅRSMØTE
17.04.25	18.00	GUDSTENESTE SKJÆRTORS DAG
03.05.25	11.00	KONFIRMASJON
17.05.25	11.45	GUDSTENESTE
15.06.25	12.00	FRILUFTSGUDSTENESTE MYKLEBUSTSETRA

Døpte



BREMANGER SOKN:

21.07.24 Nora Regine Grotle (USA)
13.10.24 Vilja Olsen Hauge
13.10.24 Ulrik Førde Senneset
08.12.24 Live Aamot Nygård

DAVIK SOKN:

01.06.24 Johan Askeland

FRØYA SOKN:

02.06.24 Jens Svarstad Tømmerbakke (Bergen)
04.08.24 Brede Skinlo
04.08.24 Samuel Nim Grotle Igland
25.08.24 Ida Fredlund Mundal
03.10.24 Leo Stenseth
01.12.24 Nora Fosse Sveian

RUGSUND SOKN:

13.10.24 Oliver Steinset

ÅLFOTEN SOKN:

19.05.24 Andreas Sagebø Rognes (Ålesund)
13.10.24 Emma Teigene

FRØYA SOKN:

28.06.24 Malfrid Johanne Våge f. 1932
11.07.24 Bjarte Furnes f. 1965
31.07.24 Tom Edvin Langeland f. 1972
15.08.24 Dagny Berit Langeland f. 1930
21.08.24 Malfrid Magnussen f. 1928
11.10.24 Knut Ove Stenseth f. 1947
27.10.24 Edvin Arthur Aannevik f. 1930
03.12.24 Oddbjørg Langeland f. 1937

MIDTGULEN SOKN:

07.06.24 Leif Myklebust f. 1944
18.06.24 Kjærulv Ryland f. 1939
25.06.24 Ottar Dahl f. 1938
12.07.24 Margareth Irene Hjalte f. 1936
15.08.24 Sverre Olav Isene f. 1927
17.08.24 Guttorm Vethe Bjørnsen f. 1936
23.10.24 Hans Emil Bremnes Fotland f. 1954
29.11.24 Liv Lein f. 1930
03.12.24 Asle Gulestøl f. 1936
22.11.24 Jon Kåre Bakke f. 1947
10.12.24 Asle Gulestøl f. 1936
13.12.24 Aslaug Ingeborg Midtbø f. 1945

ÅLFOTEN SOKN:

23.08.24 Sverre Olav Isane f. 1927

RUGSUND SOKN:

18.10.24 Magnhild Amalie Akerø Kolseth f. 1942
22.11.24 Albert Valdemar Bakke f. 1943

Gravlagde



BERLE SOKN:

06.12.24 Ove Leidulf Førde f. 1954

BREMANGER SOKN:

12.04.24 Rannveig Torvanger f. 1925
09.05.24 Einar Jørgen Ryland f. 1944
30.05.24 Geir Eikeset f. 1959
04.06.24 Magnus Reidar Førde f. 1936
20.06.24 Arne Nigardsøy f. 1933
09.07.24 Kristen Kjerulf Førde f. 1937
31.07.24 Arvid Hansen f. 1940
07.08.24 Monvald Hermann Lågeide f. 1933
09.08.24 Asbjørn Torvanger f. 1944
20.08.24 Gunnhild Svarstad f. 1936
22.08.24 Vince Leon Huston f. 1955
29.08.24 Rollaug Hauge f. 1924
29.11.24 Bodil Marie Huston f. 1956

DAVIK SOKN:

20.06.24 Johan Oddleif Sunde f. 1928
21.06.24 Jørgen Knut Elvebakke f. 1940
26.06.24 Hans Bakke f. 1936
27.06.24 Andrzej Mikolaj Zajac f. 1952

Vigde



BREMANGER SOKN:

24.08.24 Vibeke Kristiansen Grotle og Ole Magnar Lillestøl (velsigning)
07.09.24 Elisabeth Kristin Førde og Thor Alf Andersen

FRØYA SOKN:

08.06.24 Tonje Bøyum Riste og Tore Dvergsdal

DAVIK SOKN:

25.05.24 Marie Bakke og Geir Håvik

MIDTGULEN SOKN:

26.06.24 Marita Solvang og Eirik Bortheim Mulelid
20.07.24 Sandra Jeanett Hjortland og Sondre Sørheim Hatteland

ÅLFOTEN:

24.08.24 Anders Nilsen Midthjell og Christina Rogne

TAKK TIL ALLE DEI SOM BIDROG VED BISPEVISITASEN



Foto av blomane kan vere eit døme på all frivillig innsats.

Namn · tid · stad

www.kyrkja.no/bremanger

SVELGEN KYRKJEKONTOR (rådhuset 1. etg.): Tlf. 916 10 469

Kyrkjeverje Bjarki Asgeir Hrafnsson – tlf. 917 06 595

bjarki.hrafnsson@bremanger.kommune.no

Bjarki Asgeir er tilgjengeleg på kyrkjekontoret i Svelgen måndag, tysdag og torsdag, og på kyrkjekontoret på Hauge onsdag og fredag.

Stein Oltedal, fungerande sokneprest i Indre Bremanger – tlf. 970 08 600

stein.oltedal@bremanger.kommune.no

Britt D. Mulelid, saksbehandlar/trusopplæring – tlf. 916 39 340

britt.mulelid@bremanger.kommune.no

BREMANGER KYRKJEKONTOR, HAUGE Grotleveggen 141

Dag Leirvik, sokneprest i Berle, Bremanger og Frøya – tlf. 917 32 150

dag.leirvik@bremanger.kommune.no

Johanne Nygård, kontormedarbeidar, tlf. 908 05 835

Jarle Grotle, kontor. Tlf 9173 1723. **jarle.grotle@bremanger.kommune.no**

KYRKJEBLADET FOR BREMANGER

Kasserar: Asbjørn Førde, 6727 Bremanger. **Ansvarleg redaktør:** Dag Leirvik

Redaksjonsmedarbeidarar: Johanne Nygård og Britt D. Mulelid. I tillegg har kvart sokneråd ein representant som er ansvarleg for å samle inn stoff til bladet frå eige sokn.


Utgjevar: Sokneråda i Bremanger. Økonomien er basert på frivillige gåver.

Bankgironummer: 3776.20.58139

Grafisk produksjon: E.Natvik, Florø

Du finn no «Kyrkjene i Bremanger» på Facebook!





LYSMESSE I BREMANGER KYRKJE MED KONFIRMANTANE 8.DESEMBER 2024



Returadresse: Svelgen Kyrkjelydskontor, Rådhuset, 6723 Svelgen

Oppseiingar av Kyrkjebladet for Bremanger skal gå til:
Svelgen kyrkjekontor (Rådhuset 1. etg.), tlf. 916 10 469
britt.mulelid@bremanger.kommune.no